



GLAPP: Hanne Plesner (44) (t.v.) glepp taket nesten på toppen av isveggen så øksene heng att. Lene Sjøbakk er på god veg opp, og vert sikra av Birgitte Kalland.

Jenter med is i magen

Ein 20 meter høg isvegg reiser seg frå eit juv på Indre Hafslø. To damer heng midt i den. Brått mistar den eine taket.

OLE RAMSHUS SÆLTHUN
ØYSTEIN TORHEIM (foto)
ole.saelthun@bt.no

Tauet strammar seg, og Hanne Plesner (44) heng trygt om lag ti meter over bakken. Nede står Jonatan Rosengren (28) med den andre enden av tauet rundt livet. Isøksene heng att like under toppen av veggan.

– No må du vera veldig forsiktig når du kjem opp att, for den eine isøksa sit svært laust, ropar tinderettleiar Roger Vigdal.

Sikker is

Me er på Fjellsportfestivalen i Sogndal og omegn. «Bratt moro» er slagordet. Det brattaste og glattaste på programmet er isklatringskurs.

– Eg kom opp ein gong, men

seinare har det berre vorte halvvegs, seier Plesner, trygt nede på grunnen att.

I lufta er det plussgrader og regn. Isen i mange av fossane rundt om har byrja å smelte. Men veggan det vert klatra i på festivalen er eit tilfrose, nordvendt vasstilsig nede i eit kaldt juv. Den er såleis trygg, forsikrar tinderettleiar Vigdal.

– Før det vart klatra i den gjekk me over og sparka vekk all laus is, fortel han.

Skumlare enn i vegg

Plesner festar tauet rundt livet og er klar for eit nytt forsøk. I den andre delen av isveggen skal Lene Sjøbakk (23) prøve å nå toppen.

– Vert de slitne i armane, set de den eine øksa i isen, held fast i den andre, og ristar laus i handa de har fri, seier Vigdal.

Underarmane får den verste trøkken. Men dette er sterke damer med lette kroppar, og nokre minuttar seinare er begge i toppen av veggan.

– Det var herleg, bryt Plesner ut.

fakta

Fjellsportfestivalen

■ Arrangert for første gong i Sogndal og omegn denne veka.

■ Kurs i jibbing (hopp og railing på ski), isklatring, inneklatring, skredredning og skredkurs. Guida toppaturar og skikonkuransar. Fjellfilmframstilling, fjellsportseminar, afterski og barneaktivitetar.

■ 300 førehandsbestilte festivalpass, anslagsvis over 1000 innom i løpet av festivalen.



SOM SPIKRA: Sjølv om det ikkje er mange millimetrarne av stegjerna som sit fast i isen, står Jonatan Rosengren støtt så fotografen er rimeleg trygg.

– Du hadde fin flyt oppover no, seier Rosengren.

– Eg skjønte endeleg korleis eg skulle ta pause. Men heilt oppe var det litt skummelt. For då eg sette øksa i, vart eit digert felt heilt kvitt og heldt på å losna.

Plesner kjem frå Larvik og har med mann og born på festivalen, men i isveggen er ho aleine.

– Dette såg spennande ut. Og noko må jo mor ha for seg sjølv, seier Plesner. Og for Sjøbakk er dette debuten som isklatrar.

– Eg byrja med klatring i vegg i haust, men dette er veldig annleis. Det er skumlare og naturlegvis glattare, men samstundes har

ein godt tak med begge beina og armane. Ho er frå Bergen, men går siste året på økonomi ved Høgskulen i Sogndal.

– Til alle friluftsinteresserte bergensstudentar vil eg seia at Sogndal er staden der ein finn den rette naturen.

FNs miljøeksperter mener fiskebestander kan bryte sammen

Verdens fiskebestander risikerer å kollapse de nærmeste tiårene på grunn av global oppvarming, forurensning og overfiske, advarer FN-ekspertar. Norsk ekspertise er uenig.

MÅLFRID BORDVIK OG NTB
malfrid.bordvik@bt.no

– Legger man dette sammen, har man muligens satt spiken i kistten til verdens fiskerinæringer, sier Achim Steiner, leder for FNs miljøprogram (UNEP).

I en ny rapport drøfter organisasjonen hvilken virkning klimaendringene har på fiskebestandene. Et av problemene er

at global oppvarming forstyrrer sirkulasjonen i havet som bringer næringsstoffer til områder med mye fisk.

– Dersom denne mekanismen stopper, risikerer vi en kollaps i store fiskebanker, advarer forsker Christian Nellmann, som har vært med på å utarbeide

rapporten. – Dette er typisk skremmelspropaganda, sier Einar Svendsen, forskningsdirektør ved Havforskningsinstituttet i Bergen.

Han går hardt ut mot FN-rapporten, og avviser at klimaendringene betyr en krise for fiskerinæringen.

– Våre marine økosystemer vil klare seg til tross for oppvarming og klimaendringer. Det blir ikke noen krise for livet i havet, sier Svendsen.

Forskningsdirektøren mener tvert imot at Norge vil tjene på global oppvarming, bare vi klarer å omstille oss raskt nok.